



## ÅRSMELDING 2016 SOLUND IDRETTSLAG



### STYRESAMANSETJING

Styret i Solund Idrettslag (SIL) har i 2016 hatt fylgjande samansetjing:

Leiar:	Irene Sanden
Nestleiar:	Mark Elvevåg
Sekretær:	Kari Einen
Styremedlemmer:	Kim Arnes Michael Niesar Jørn Otto Olsen Nina Engevik
Vara medlemmer:	Kent Inge Strand Endre Natvik Kjell Mongstad

Heidi Sanden har hatt kasserarvervet i Solund idrettslag.

Styret konstituerte seg på andre styremøtet etter årsmøtet 2016, den 08.03.16. Styret hadde fått fullmakt frå årsmøtet til å velje nestleiar, dette vart Mark Elvevåg.

Praksissen med å kalle inn 1. vara til alle styremøter har blitt vidareført også i år, dette har vore Kent Inge Strand.



## STYREMØTER

Styret har til saman hatt 5 styremøter i meldingsåret (etter årsmøtet 2015). På desse møta har ein totalt handsama 20 saker. Ein har valt å hatt færre styremøter dette året for ein har ikkje sett behov for så mange møter. Tidlegare har ein stor del av styremøta gått med til å planlegge arrangement ol. Dette har ein i 2016 gjort mest mogleg utanom styremøta, der nokon frå styret har tatt ansvar for dei ulike arrangementa. Mykje har kome på plass i Idrettslaget slik som politiattestar, lovnorma, idrettsregistreringa o.l. Takka vere flinke folk som arbeider med dette, har ein ein god «arbeidsflyt» i styret. Det vi kan verte flinkare på er å gi tilbakemelding dersom ein ikkje kan stille på styremøter slik at ein kan få kalla inn vara. Framover skal leiar prøve å sende påminning på melding til styret same dag det er styremøte, i tillegg til innkalling som vert sendt tidlegare.

## ANDRE MØTER

Dugnadsmøte i Styret april 2016.

Møte med aktivitetsleiarar og badevaktar 23. august 2016.

Møte med besøk frå krinsen ved Ingrid Narum 30.11.16.

## KURS

Hjartestartarkurs 27. og 28. februar. Det er planen å ha dette kurset annankvart år.



## ARRANGEMENT

### Inntektsgeevande arrangement:

- Stand på Solunddagen
- Offentleg bading
- Startkontingent og kiosksal på Sula Hula Cupen.
- Halloweenbading



#### Andre arrangement:

- «Svøm langt», destinasjon Kreta (Januar - mars 2016)
- Sulemarsjen
- Nissemarsjen
- Romjulturnering i fotball

#### **AKTIVITETER**

SIL sitt fokus ligg på å gje eit godt og bredt tilbod av aktivitetar og arrangement for alle medlemmar. Målet til SIL er å få flest mogleg i fysisk aktivitet, difor er låg terskel aktivitet viktig for laget, noko som logoen vår, badeanda, skal gje eit bilete på.

Faste aktivitetar Solund Idrettslag har hatt i 2016 er:

- Barneidrettskule (Mark og Ingrid Elvevåg)
- Friidrett (Nina og Bjarte Engevik)
- Aerobic (Sissel Kråkås)
- Handball og ballidrett (Jørn Otto Olsen)
- Volleyball (Øystein Mårstig, Henning Nielsen)
- Fotball (Tor Arne Hauge, Kjetil Sundal, Endre Natvik, Daniel Røed, Kim Arnes, Jørn Otto Olsen, Ingvar Mårstig)
- Innebandy (Renate Njøtøy)
- Yoga (Ingvill Storøy)

I 2016 har det vore ein del turneringsaktivitet for dei som spelar handball:

- Vestkystcup 3.-5. juni
- Førde Cup 3.-6. september 2016

Offentlig bading (Ansvarshavande: Michael Niesar) og mosjonskampanjen «Svøm langt» er svært populær blant Sulingane, særleg dei yngste. Vi ser god effekt av svømmekampanjen og at svømmeferdighetene til ungane blir bedre og bedre. Vi håper sjølvstakt at fleire vaksne og særskilt ungdomar vert med på denne kampanjen.

Utandørsaktivitet er også ein del av programmet til SIL. Fjelltrimmen (Ansvarshavande: Kari Einen) er godt besøkt av både medlemmar og dei som ikkje er medlemmar. Det er andre året dei som deltar på fjelltrimmen må levere inn registreringsskjema sjølv, og dette fungerer godt. Ein ser at det i år er ei auking blant dei unge som har klart 15 turar, noko som tyder på at registreringsskjemaene motiverer barna. Det var to nye turpostar i fjelltrimmen i 2016, dette var Hammarstakken og Tungodden.





I 2016 vart ein ny utandørsaktivitet tilført laget. Solund Sendebrettlaug vart offisielt ei undergruppe av Solund Idrettslag på Årsmøtet 2015, 28. februar 2016. Det verkar som denne aktiviteten har tiltrekt ein del nye medlemmar i laget, noko som er gledeleg. Det er kjekt at vi klarer å få fleire ut i fysisk aktivitet. Solund Sendebrettlag har samlingar på søndag, noko som gjer at vi har fått ein fast aktivitet også i helga. I 2016 laga ein til ei ny 18korgsbane. Mange dugnadstimar ligg bak denne bana.

Det har også vore turneringsaktivitet utanfor Solund for Sendebrettlauget:

- Oslo Amatør Open 30. april 2016
- Måløy-raidet 25.-27. juni 2016.

I tillegg har vi hatt medlemmar som har vore med på Fredagsbirken og Knarvikmila.

Det vart diverre ikkje Idrettsdag med fokus på Idrettsmerke i 2016, dette må vi prøve å få til i 2017, når friidrettsbana er på plass.

Det er kjekt å sjå at sjølv om (naturleg nok) nokre aktivitetsleiarar og badevakter sluttar, dukkar det opp nye! SIL har i 2016 prøvd å hatt fokus på aktivitetsleiarane og badevaktene. I juni hadde vi eit felles møte med desse der vi tok opp ulike temaer, til jul fekk alle genser eller t-skjorte frå laget som ei takk for innsatsen. I tillegg hadde vi ei svært koseleg sosial samling for denne gruppa før jul. Vi er så avhengige av dei som stiller opp veke etter veke på aktivitetane og i bassenget, så det er viktig å ta vare på desse, motivere dei til å fortsette og motivere fleire til å bli med. For det er jo kjekt å kunne bidra i dette flotte laget.

SIL kan ikkje få takka alle aktivitetsleiarene og badevaktene nok. De gjer ein heilt fantastisk innsats! TAKK!





## **SAKER OG PROSJEKT**

### **Solund Idrettspark:**

Alt er lagt til rette for at kunstgrasbana endeleg skal kome i 2016. I haust vart det lagt ut på anbod av kommunen og ein har no skrive kontrakt med entreprenør som skal gjere grunnarbeidet og leverandør som skal levere kunstgraset. Vi har fått lovnad om at kunstgraset, friidrettsbana og lys skal vere på plass no i vår (2017).

### **Idrettshus:**

Styret fekk mynde frå årsmøtet 2015 til å oppnemne ei gruppe som skulle jobbe vidare med idrettshus. Denne gruppa var: Kjell Mongstad, Bjarte Engevik, Kim Arnes, Kari Einen, Geir Kåre Ynnesdal og Ingvar Mårstig. Gruppa arbeidde fram eit fyrste utkast til behovsprofil og romprogram som var tilpassa årsmøtet i Solund IL sine ynskjer. Kommunen nytta så arbeidsgruppa sitt grunnlag i ein anbodskonkurranse for innhenting av idèskisser. Dernest vart eit nytt idrettshus innarbeidd i kommunen sine budsjettrammer for år 2017. Arbeidsgruppa er ferdig med sitt arbeid og Solund kommune tek no hand om den vidare posjektleiinga. Vi gleder oss over at eit Idrettshus no er med i kommunale planar og budsjett.

### **Kiosk og vask av trimrom:**

10. klasse har også i år stått for kiosk ved arrangement i idrettsbygget og den offentlige badinga på haustparten, i tillegg har dei vaska trimrommet kvar veke. Me takker for den gode hjelpa frå 10. klasse.

### **Idrettslaget på nett:**

Solund Idrettslag har fått ei flott heimeside som vi prøver å legge ut informasjon på og oppdatere. Facebooksida vår fungerer også svært godt til å få ut informasjon til medlemmane våre. I 2016 fekk Solund Idrettslag eiga epostadresse, denne er [info@solundil.no](mailto:info@solundil.no).

## **MEDLEMSTAL**

Medlemstall pr 31.12.2016 er 250 (31.12.2015 er 252). Det vil sei at over 30 % av Solund kommune sine innbyggjarar er medlemmar. I tillegg har vi eit idrettslag til i kommunen. Kan andre kommune vise til så gode medlemstal?

## **SÆRFORBUND**

Solund idrettslag er medlem av fylgjande særforbund:

- Norges Svømmeforbund
- Norges Klatreforbund
- Sogn og Fjordane Symjekrins

## **MOTTEKNE MIDLAR:**

Lokale aktivitetsmidlar (LAM):	28.124,-
Grasrotandelen	64 177,07,-
Momskompensasjon	9 351,-



## MÅL FOR 2017

No er ikkje lengre målet å få på plass kunstgrasbana og friidrettsbana, vi gler oss berre til opninga! Det nye storprosjektet til SIL vil no vere å samle inn pengar til Idrettshus. Eit flott rekneskapsmessig resultat på kr. 98 123 kr. i 2016 gjer at vi allereie er godt i gang.

Styret i SIL ynskjer å arbeide for å vidareføre det høge aktivitetsnivået og medlemstalet ein har i laget per i dag. Det er viktig med eit allsidig og godt tilbod til medlemmane. Det er svært viktig å ta vare på dei gode ambassadørane i Solund Idrettslag som stiller som aktivitetsleiarar, badevakter, styrerepresentantar og andre som gjer eit fantastisk frivillig arbeid i laget, samt rekruttere nye.

SIL betyr svært mykje for heile samfunnet i Solund. Aktivitetane og arrangement er alltid eit møtepunkt for store og små, men krev mykje engasjementet frå eldsjelenene i SIL. Vi kan vere stolte av det arbeidet vi gjer og dei aktivitetane vi skapar.

Sjå egne årsmeldingar for aktivitetar i Solund Idrettslag, ligg på [solundil.no](http://solundil.no) og SIL si Facebook side (blir også lagt ut i Idrettsbygget ved årsmøte).

Takk for godt samarbeid i 2016.

*Hardbakke 4. mars 2016*

*Irene Sanden  
(Leiar SIL)*

